

## Uskedelingar med i Brazzooka

07.04.2010



Eit band som består av 9 ungdommar frå vårt område har sett dagens lys.  
Gruppa , som kallar seg Brazzooka, består av 3 uskedelingar, 4 rosendelingar og 2 stordabuar og  
aldersspennet er 12-20 år.

På ei nykomponert heimeside opplyser gutane at dei spelar jazz, funk og HipHop-inspirert musikk og at  
musikksjangaren dei satsar på heiter Riot Jazz.

På heimesida bringer dei ein spesiell takk til Pål Magne Austnes, men gruppa har mange  
inspirasjonskjelder.

Det er ikkje lenge sidan Brazzooka debuterte - det skjedde så seint som under julematineen i Rosendal og  
sidan spela dei under Hot'n Funky-konserten på Stord.

Dei har gjort det så bra at speleoppdraga kjem på løpende band. Såleis skal dei opptrer i 4 kommunar dei  
nærmaste månadane : Odda, Stord, Tysnes og Kvinnherad. Alt tyder på at dei får eit stort publikum der dei  
kjem.Det er Sebastian Torjusen som leiar bandet og rosendingen spelar susafon.

Dei andre er Elisabeth N. Fylkesnes, Vegard Døssland, Anders Bennes (alle trumpet), Marius L. Torjusen  
(marching-baryton), Bjørn Naterstad, Tobias L. Torjusen (begge trombone), Sindre Aksnes og Alf Erik N.  
Fylkesnes (begge slagverk og perkusjon)

Av Ola Matti Mathisen